

# Forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn til offentleg avløpsnett i Giske Kommune.

## Fellesprosjekt for Giske, Hareid, Rauma, Ulstein og Volda

---

### Innhald

- Kapittel 1 Innleiande føresegner (§§ 1 - 3)
- Kapittel 2 Verkeområde (§§ 4 - 5)
- Kapittel 3 Generelle føresegner (§§ 6 - 14)
- Kapittel 4 Krav til olje- og feittutskiljarar (§§ 15 - 19)
- Kapittel 5 Krav som gjeld prøvetaking og analysar (§20)
- Kapittel 6 Krav som gjeld tømning, drift, vedlikehald, dokumentasjon og rapportering (§§ 21 - 24)
- Kapittel 7 Beredskap mot akutt ureining (§§ 25 - 26)
- Kapittel 8 Ikrafttreding (§27)

*Heimel: Fastsett av Giske kommunestyre 04.11.2021 med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova), lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot ureining og om avfall (Forurensningsloven) § 7, § 9, § 18, § 73 og § 85 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av ureining (ureiningsforskrifta), § 15A-4.*

---

## Kapittel 1. Innleiande føresegner

### § 1 Føremål

Lokal forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn skal sikre at olje og feitt blir fjerna ved kjelda før påslepp til kommunalt avløpsnett, og sjå til at olje- og feittutskiljarar blir drifta rett slik at dei verkar etter føremålet.

### § 2 Teknisk grunnlag

Tekniske krav i denne forskrifta er basert på:

- NS-EN 858, del 1 og Del 2-2002: Utskiljarar for lette væsker, til dømes olje og bensin.
- NS-EN 1825, del 1 og del 2: Feittutskiljarar
- Tekniske og administrative bestemmelser, standard abonnementsvilkår for vatn og avløp (KS, Kommuneforlaget AS), kapittel 3.12.

### § 3 Definisjonar

- a) **Avløpsnett:** Transportsystem som samlar opp og fører avløpsvatn frå bustadhus eller andre bygningar med innlagt vatn
- b) **Den ansvarlege:** Den som er ansvarleg for verksemda. Som ansvarleg reknast den som kan haldast ansvarleg, jf. ureiningslova § 7.
- c) **Feitthaldig avløpsvatn:** Avløpsvatn som inneheld vegetabilsk og/eller animalsk feitt (*feitt frå tilbereding og behandling av matvarer*)
- d) **Frityffeitt:** Feitt/olje som nyttast til fritering av mat
- e) **Heimelshavar:** Eigiar/festar av eigedom/bygg der olje- eller feittutskiljaren er plassert
- f) **Industrielt avløpsvatn:** Avløpsvatn frå verksemd nytta til industrielle føremål
- g) **Oljehaldig avløpsvatn:** Avløpsvatn som inneheld motorolje, smørjefeitt, parafin, white-spirit,

- bensin eller liknande
- h) **Overvatn:** Nedbør og smeltevatn frå f.eks. vegar, plassar, terreng og takflater
  - i) **Påslepp:** Tilførsel av avløpsvatn til offentleg avløpsnett oppstraums eit reinseanlegg
  - j) **Sanitært avløpsvatn:** Avløpsvatn som inneheld vegetabilsk og animalsk feitt, mellom anna avløpsvatn frå vassklosett, kjøken, bad, vaskerom og liknande
  - k) **Separatsystem:** Eigne leidningsnett som skil sanitært og industrielt avløpsvatn vekk frå overvatn
  - l) **Verksemd:** Verksemd som er brukar av olje- og feittutskiljarar

## Kapittel 2. Verkeområde

### § 4 Oljeutskiljarar

Krava gjeld for verksemdar som har påslepp av oljehaldig avløpsvatn, til dømes:

- 1) Bensinstasjonar
- 2) Vaskehallar for køyretøy
- 3) Motorverkstadar
- 4) Bussterminalar
- 5) Verkstadar og klargjeringsentralar for køyretøy, anleggsmaskiner og skjenegåande materiell
- 6) Anlegg for understellsbehandling som anten har vaskeplass, smørjehall, servicehall eller liknande

Andre verksemdar som har påslepp av oljehaldig avløpsvatn til kommunalt nett er også omfatta av denne forskrifta.

### § 5 Feittutskiljarar

Føresegnene gjeld for verksemdar som har påslepp av feithaldig avløpsvatn, til dømes:

- 1) Restaurantar,
- 2) Kafear/konditori/bakeri
- 3) Catering/ferdigmatprodusentar
- 4) Gatekjøken, kioskar og pizza-/hamburgerbarar
- 5) Kantine, selskapslokale med kjøken og storkjøken
- 6) Slakteri og kjøttforedlingsbedrifter
- 7) Fiskeforedlingsbedrifter
- 8) Meieri og røykeri
- 9) Matbutikkar med steike-/grill-/ferskvareavdeling
- 10) Margarin- og matoljeindustri, friteringsindustri
- 11) Hermetikkindustri

Andre verksemdar som har påslepp av feithaldig avløpsvatn til kommunalt nett er også omfatta av denne forskrifta.

## Kapittel 3. Generelle føresegner

### § 6 Krav om løyve

Påslepp av olje- og/eller feithaldig avløpsvatn samt installering av olje- og/eller feittutskiljarar er søknadspliktige tiltak som skal godkjennast av kommunen. Ingen verksemd kan setje i verk nye påslepp eller vesentleg auke i påslepp (>25%) utan at løyve er gitt i samsvar med denne forskrifta.

Det gjeld for ny verksemd, eksisterande verksemd og ved endring av eksisterande verksemd.

## **§ 7 Søknad om løyve**

Ved etablering av nye eller vesentleg endring av eksisterande påslepp av olje- og/eller feittaldig avløpsvatn skal den ansvarlege for verksemda sørge for at det er utarbeida ein skriftleg, fullstendig søknad som inneheld dei nødvendige opplysningane for kommunen sin behandling. Digitalt søknadsskjema frå Giske kommune om påslepp til kommunalt nett skal nyttast.

Dersom heimelshavar (eigar av eignedomen) er ein annan enn den ansvarlege for verksemda, skal heimelshavar få kopi av søknaden og moglegheit for å uttale seg før løyve gis.

Verksemda er ansvarleg for at krava i denne forskrifta blir overhaldt.

Dersom den aktuelle verksemda ikkje overheld krava kan heimelshavar bli haldt ansvarleg.

## **§ 8 Behandling av søknad**

Fullstendig søknad skal avgjerast av kommunen innan seks veker. Fullstendig søknad om løyve til påslepp med krav som fråvik påsleppskrava fastsett i denne forskrifta, skal avgjerast utan ugrunna opphald.

Kommunen kan under behandling av søknaden fastsette krav som fråvik påsleppskrava, fastsette krav til påsleppstad eller nekte etablering av påslepp. Når kommunen avgjer om det skal fastsetjast andre krav enn dei som går fram av denne forskrifta, skal det leggjast vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket sett i samanheng med dei fordeler og ulemper som tiltaket i tillegg vil medføre.

Kommunen skal samordne behandlinga av søknad om påsleppsløyve med byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.

Ved protestar, brukarkonfliktar eller andre særlege grunner kan kommunen varsle om utvida saksbehandlingstid.

Dersom arbeidet ikkje er sett i gang seinast tre år etter at løyve er gitt, eller dersom arbeidet blir stansa i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere påsleppet bort. Dersom påsleppet framleis er aktuelt, bli det kravd innsending av ny søknad.

## **§ 9 Kommunen sin rett til kontroll**

Kommunen skal ha uhindra tilgang til eignedomar der ureining kan oppstå eller har oppstått. Kommunen kan krevje å få lagt fram og få granske dokument og anna materiale som gjeld olje- og/eller feittutskiljaranlegga og drifta deira. Kommunen kan føre tilsyn med at krava i denne forskrifta blir overhalde.

## **§ 10 Nedlegging**

Dersom verksemda blir lagt ned eller opphøyrer på anna måte, skal det seinast ein måned før bli gitt skriftleg melding til kommunen.

Olje- og feittutskiljaranlegg som permanent blir tekne ut av bruk skal tømmast, reinsast, fjernast og leverast til godkjent avfallsmottak. Dokumentasjon på utført arbeid skal leverast inn til kommunen. Avløpsledning frå utskiljaranlegget skal pluggast i forgreiningspunktet til kommunal ledning. Alle sluk som har drenert til utskiljaranlegget skal pluggast.

### **§ 11. Eigarskifte**

Dersom verksemda får ny eigar, skal melding sendast kommunen ein månad før skifte. Eigarskifte kan medføre endringar i løyvet etter § 18 i ureiningslova.

### **§ 12 Kostnadar**

Dersom avløpsvatn frå verksemda fordyrar eller har uheldig verknad på drifta av kommunen sitt vass- eller avløpsnett, kan verksemda bli fakturert for kostnadane ved utbetring og/eller reparasjonar.

### **§ 13 Tvangsmulkt**

For å sikre at føresegnene i denne forskrifta blir gjennomført, kan kommunen gjere vedtak om tvangsmulkt etter ureiningslova § 73, jf. ureiningsforskrifta § 41-6.

### **§ 14 Klage**

Enkeltvedtak fatta med heimel i denne forskrifta, kan klagast inn til kommunen sitt klageorgan. Klagen blir sendt til den instans som har fatta vedtaket. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans. Ved handsaming av klager etter denne forskrifta gjeld reglane i forvaltningslova.

## **Kapittel 4. Krav til olje- og feittutskiljarar**

### **§ 15 Tilknytning til avløpsnettet**

#### **§15.1 Generelt**

Dersom avløps- og overvassanlegget er lagt som separatsystem, skal avløp frå olje- og feittutskiljarane koplast på spillvassnettet.

For dei verksemdene som har eigne påsleppsløyve frå anten Miljødirektoratet eller Statsforvaltaren, skal dei betraktast som uavhengig av kommunen sine krav, etter §7 i ureiningslova. Denne paragrafen kjem til bruk også for dei komponentar som ikkje er regulert av Miljødirektoratet eller Statsforvaltaren, eller dersom ny teknologi gjer det mogleg å senke påsleppet ytterlegare, innanfor rimelege kostnadar for bedrifta.

#### **§15.2 Oljehaldig avløpsvatn**

Oljeinnhaldet i utløpet frå oljeutskiljarane til kommunalt nett skal ikkje overstige 50 mg/l målt som totale oljehydrokarbon. Temperatur ut frå oljeutskiljarane skal ikkje vere over 45 °C.

Oljehaldig avløpsvatn skal før utskiljarane passerer sandfang eller liknande reinseinnetning dimensjonerast for maksimal reell vassbelastning.

Alkalisk reagerande oljehaldig spillvatn skal bli nøytralisert før det blir leda til utskiljaren.

Oljehaldig avløpsvatn skal ikkje ledast til kommunen sitt overvassnett.

### **§15.3 Feitthaldig avløpsvatn**

Feitthaldet i utløpet frå feittutskiljarane skal ikkje overstige 50 mg/l, målt som totale hydrokarbon. Temperatur ut frå feittutskiljarane skal ikkje overstige 30 °C.

Feitthaldig spillvatn som inneheld sedimenterbart materiale skal passere slamavskiljar før vatnet går inn på feittutskiljaren. Spillvatn med raskt rotnande sedimenterbart materiale skal ikkje passere slamavskiljaren. Frityrfeitt skal ikkje førast til feittutskiljar, men samlast opp og leverast til godkjent mottak. Fjerning av matrestar og andre grove partiklar blir gjort med innløpsrist før feittutskiljar. Alkalisk reagerande feitthaldig spillvatn må bli nøytralisert før det blir leda til utskiljaren.

### **§ 16 Sanitæravløpsvatn og overvatn**

Spillvatn frå WC og andre sanitærinstallasjonar samt overvatn skal ikkje ledast til olje- eller feittutskiljarar.

### **§ 17 Krav til bruk av vaske- og avfeittingskjemikalie**

Den ansvarlege skal optimalisere kjemikaliebruk for både å redusere påslepp av ureinande eller uønska stoff, samt stoff som reduserer olje- og feittutskiljaren sin reinseeffekt. Alt innhald skal vere dokumentert miljøvennleg.

### **§ 18 Utforming**

Materiale og utforming av utskiljarane skal tilfredsstille gjeldande Norsk Standard, jf. denne forskrift § 2. Det er verksemda som har ansvar for at sandfang og olje- eller feittutskiljarar, eller eventuelt anna godkjent utstyr, er dimensjonert i forhold til den belastninga som kan førekomme.

### **§ 19 Inspeksjons- og kontrollkum**

Like nedstrøms for utskiljaren skal det vere ein inspeksjons- og kontrollkum som gjer det mogleg å ta prøver av avløpsvatnet. Kummen skal vere tilgjengeleg for inspeksjon til ein kvar tid.

## **Kapittel 5. Krav som gjeld prøvetaking og analysar**

### **§ 20 Prøvetaking og analysar**

#### **§20.1 Oljeutskiljarar**

Det skal ligge til rette for å kunne hente ut representative prøver av avløpsvatn frå oljeutskiljarane. Den aktuelle verksemda skal ta ut prøve minimum to gonger i året, ein i sommar- og ein i vinterhalvåret. Dette er nødvendig for å kunne dokumentere kvaliteten av påsleppet til kommunalt nett. For anna frekvens eller dispensasjon ifrå kravet må det søkjast særskild.

Prøvetakingspunktet må vere før vatnet frå oljeutskiljaren blandar seg med anna avløpsvatn. Prøvetaking skal skje ved normal driftssituasjon. Prøvetaking kan med fordel gjerast rett før tømning av oljeutskiljaren. Verksemda skal ha dokumentasjon på kor og korleis prøven blir henta ut.

For større verksemder eller utskiljarar med høg belastning eller omfattande kjemikaliebruk, kan kommunen krevje at det tas ut fleire prøver.

### **§20.2 Feittutskiljarar**

For feittutskiljarar skal verksemda ta prøver av temperatur, ut frå utskiljaren, ved full drift. Minimumskrav til prøvetaking er 1 gong per år. Kommunen kan stille andre krav tilpassa den einskilde verksemda.

### **§20.3 Generelt**

Den ansvarlege skal fortløpande vurdere resultatata frå prøvetakinga, og om nødvendig ta oppfølgjande prøver for å avklare eller dokumentere avvikande resultat.

## **Kapittel 6. Krav som gjeld tømning, drift, vedlikehald, dokumentasjon og rapportering**

### **§ 21 Tømning**

Regelmessig tømning og reingjering er avgjerande for å oppnå ønska effekt av olje- og feittutskiljaren.

**§21.1 Oljeutskiljarane og oppsamlingstank for utskilt olje** skal tømmast minst ein gong per år, og elles når det måtte være nødvendig for å overhalde påsleppsløyvet. Olje som blir halde tilbake i oljeutskiljaren reknast som farleg avfall, skal leverast til godkjent mottak og blir omfatta av avfallsforskrifta kapittel 11.

**§21.2 Feittutskiljarane** skal tømmast minimum ein gong per år eller før feittlaget utgjør 15 % av feittutskiljaren sin kapasitet. Utskilt feitt skal leverast til godkjent mottak.

### **§22 Drift og vedlikehald**

Verksemda skal ha nødvendige drift- og vedlikehaldsrutinar for å sikre at utskiljaren fungerer optimalt ut frå aktiviteten ved bedrifta. Verksemda skal til ein kvar tid ha gyldig avtale med eit godkjent firma for regelmessig tømning og kontroll av utskiljaren. Kommunen skal ha kopi av avtalen.

### **§23 Dokumentasjon**

Tømmeoperatør skal sende inn tømmerrapport for olje- og feittutskiljar til kommunen i etterkant av kvar tømning. Ved etablering av ny utskiljar eller nytt påslepp av olje- og/eller feitthaldig avløpsvatn skal det sendast inn dokumentasjon med generelle opplysningar og teikningar som viser plassering av utskiljaren og/eller punktet for påslepp.

### **§ 24 Rapportering**

Alle verksemder med påslepp av feitthaldig og oljehaldig avløpsvatn skal rapportere alle kontroller, tømningar og temperaturmålingar til kommunen digitalt . Dette skal gjerast av utførande verksemd via operatørportalen.

## **Kapittel 7. Beredskap mot akutt ureining**

### **§ 25 Førebygging av akutte utslepp**

Verksemda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak for å unngå, eventuelt avgrense, risikoen for akutt ureining.

Beredskapen skal stå i rimeleg forhold til sannsynlegheita for akutte, skadelege påslepp til avløpsnett og omfanget av dei skader og ulemper som kan forårsakast.

Beredskapsrutinane skal inngå i verksemda sitt internkontrollsystem for helse, miljø og sikkerheit og skal dokumenterast.

### **§ 26 Varslingsplikt**

Dersom det som følgje av verksemda sine aktivitetar skulle oppstå akutte påslepp, skal kommunen straks varslast. Verksemda vil vere økonomisk ansvarleg for konsekvensane av akutte utslepp.

## **Kapittel 8. Ikrafttreding**

### **§ 27 Ikrafttreding**

Forskrifta trer i kraft 01.01.2022

---